



3 Fellesutgifter - fellesinntekter

På dette området blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot einkilde einingar eller stab

2. Kjerneverksemd

Teneste	3 FELLESUTGIFTER/FELLESINTEKTER	Regnskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Alle tal i heile 1000							
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 091	1 195	1 172	1 172	1 172	1 172
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	1 018	847	795	795	795	795
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	10 014	9 000	10 492	10 492	10 492	10 492
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	-8 670	-9 682	-17 220	-17 220	-17 220	-17 220
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	424	391	401	401	401	401
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	4 552	5 885	7 611	7 611	7 611	7 611
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	119	142	146	146	146	146
1720	PENSJON	117	-4	-4	-4	-4	-4
1730	PREMIEFOND	-7 379	230	-4 334	-4 334	-4 334	-4 334
1800	DIVERSE FELLESUTGIFTER	19	1 493	335	335	335	335
2110	FØRSKULE OG PRIVATE BARNEHAGAR	154	227	241	241	241	241
2120	GRUNNSKOLE	26	227	241	241	241	241
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	55	227	241	241	241	241
2411	FYSIO-/ERGOTERAPITENESTE	3	0	0	0	0	0
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	438	1 056	836	836	836	836
2546	GISKE OMSORGSSENTER	220	266	289	289	289	289
2547	VIGRA OMSORGSSENTER NORDSTOVA	22	0	0	0	0	0
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	0	0	19	19	19	19
Sum ramme 3 FELLESUTGIFTER/FELLESINTEKTER		2 224	11 498	1 263	1 263	1 263	1 263

Teneste 1212 og 1215

Det blir her m.a. ført løn til tillitsvalde og felles kursutgifter .

Teneste 1240

Under teneste 1240 diverse fellesfunksjonar er det budsjettert med felles utgifter som:

- Felles kontormateriell på rådhuset.
- Beverting til møte og kurs.
- Utgifter til porto, telefon og datakommunikasjon.
- Kommunen si ansvarsforsikring.
- Lisensar og serviceavtaler for felles IT-program og utstyr.
- Utgifter til leige av kopimaskiner.
- Serviceavtaler for anna teknisk utstyr som felles kopimaskiner m.v.
- Kontingent til Kommunenes Sentralforbund KS
- Overføringar til Sunnmøre Regionråd
- Avskrivningar på felles IT-program / og utstyr.

Teneste 1700 - 1730

Premieavvik og amortisering av premieavvik frå KLP og SPK er budsjettert på ansvar 1300.

Premieavviket er forskjellen mellom innbetalt premie og berekna pensjonskostnad.

Premieavviket er budsjettert med bakgrunn i tal frå Kommunal Landspensjonskasse og Statens Pensjonskasse og avstemt mot samla pensjonskostnad. Premieavviket vert anslått til kr 16 741 337, inkludert arbeidsgiveravgift. Dette er tal som skal budsjetterast som inntekt.

Tilsvarende er amortisert premieavvik berekna til kr 7 242 734.

Sidan det er forskjell mellom premieinnbetaling og berekna pensjonskostnad, vil effekten for Giske kommune bli at likviditeten også i 2020 blir forverra.

Giske kommune sitt akkumulerte premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift ifylgje kommunen sin balanserekneskap var pr. 31.12.2018 på 28,3 mill. kr og kan ved utgangen av 2020 kome opp i 41 mill. kr.

Dette premieavviket skal utgiftsførast i rekneskapen i løpet av 15 år, for premieavvik oppstått før 2011 og over 10 år for premieavvik oppstått i perioden 2011 – 2014, og 7 år for premieavvik oppstått frå 2015. Dette betrar såleis budsjetbalansen i høve til om kommunen ikkje fordelte dette over dei 7 åra.

Tenestene 2110, 2120, 2343 og 2540

Løn til lærlingar er samla på dette rammeområdet. Giske kommune har 8 lærlingar: 4 i helsefagarbeidarfaget, 3 i barne- og ungdomsarbeidarfaget og 1 kokk. Vi har som dei andre kommunane i regionen ein avtale med Sunnmøre kommunale opplæringskontor om administrasjon av lærlingordninga. Vi får kr 20 000 i tilskot per lærling frå utdanningsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune – og vi søker kvart år Kommunenes Sentralforbund om ytterlegare lærlingtilskot.